



Smittevernreglar for ungdomskveldar i Utgard

- Du må melde deg på via Facebookgruppa som heiter "For ungdom i Lom". Påmelding er bindande og er viktig kontaktinfo i tilfelle behov for smittesporing. Du må derfor varsle dersom du er påmeldt og likevel ikkje kjem.
- Du må registrere deg hos vakta når du kjem.
- Du må vaske/sprite hendene det fyrste du gjer når du kjem.
- Du kan ikkje berre stikke innom utan å vere påmeldt. Absolutt INGEN som ikkje er påmeldt kan kome inn i lokalet. Det handlar om å ta smittesituasjonen på alvor.
- Dersom du må gå før det er slutt, må du melde frå til ein vaksen slik at dette blir registrert.
- Dersom du går før det er slutt, kan du ikkje kome inn att. Trafikk ut og inn skal unngåast med tanke på smittevern.
- Når det er slutt, er det viktig at du straks reiser heim att slik at det ikkje blir samla mange ungdomar utanfor lokalet.
- Om du er sjuk, må du halde deg heime. Det gjeld også om du har milde luftvegssymtom.
- Inne i lokalet må du halde deg til eigen kohort. Pass på å ha to meter mellom kohortane.
- Du må følge smittevernreglane. Dersom du ikkje følgjer reglane eller beskjedar frå dei vaksne, kan du måtte forlate lokalet.